



Arkivnr: 2016/4933-1

Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

Sommarfullmakt 2016 til utvalsleiar for utval for kultur, idrett og regional utvikling

Samandrag

I møte i KIRU 10.mai vart følgjande spørsmål sett fram på vegner av utvalet:

PS 80/16 Ymse

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om det planlagde møtet i utvalet 16. august kan utgå. Det er ein del medlemer som ikkje kan møte fordi det er siste veka i skuleferien. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett kjem tilbake med ei sak om dette i junimøtet.

Spørsmålet vart utdjupa med ei munnleg presisering om det var noko juridisk til hinder for å gje ei sommarfullmakt til utvalsleiar, og eventuelt kva for konsekvensar det ville kunne få.

I kommunelova § 10 Faste utvalg. Komiteer pkt. 4 heiter det:

4. Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typar av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

I Hfk sitt eige delegasjonsreglement for fylkesutvalet pkt. 4, er slik fullmakt gitt til fylkesordførar der det heiter:

4. Fullmakt til fylkesordføraren

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføraren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd.

Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.

På bakgrunn av dette, finn ikkje fylkesrådmannen noko til hinder for at KIRU som utval kan gje ei liknande fullmakt til utvalsleiar i enkelstsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Det bør gå fram av vedtaket at sommarfullmakta gjeld fram til KIRU-møte den 14. september.

Fylkesrådmannen vil gjere særskild merksam på at hastesaker der utvalet har innstillingsrett, vil gå til Fylkesutvalet utan innstilling frå KIRU.

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen legg fram saka utan forslag til vedtak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.